



BACHELOROPPGÅVE

Korleis kan Inn på tunet nyttast som eit tilbod i arbeid med ungdom i ein vanskeleg livsfase?

av

kandidatnummer 1
Ragnhild Weydahl Bjørkum

Barnevern
BVP5-303
Mars 2010



HØGSKULEN I
SGN OG FJORDANE



HØGSKULEN i
SOGN OG FJORDANE

Bacheloroppgåve

Boks 133, 6851 SOWNDAL, 57 67 60 00, fax: 57 67 61 00

Bacheloroppgåve i:

Tittel og samandrag:

English Title and Abstract:

Kandidat:

Emnekode og emnenamn:

Kandidatnummer:

Dato for innlevering:

Innhaldsliste

1.0 Innleiing.....	s. 1
2.0 Metode.....	s. 2
2.1 Anvendt litteratur og dokumentanalyse.....	s. 2
2.2 Empiri og intervju som metode.....	s. 4
3.0 Teoretisk grunnlag.....	s. 6
3.1 Kva er Inn på tunet?.....	s. 6
3.2 Samarbeid mellom tilbydar og kjøpar.....	s. 8
3.3 Aktivitetar.....	s. 8
3.4 Dyr.....	s. 9
3.5 Meistring.....	s. 10
3.6 Livskvalitet.....	s. 11
3.7 Tilbydar si rolle.....	s. 12
4.0 Korleis kan Inn på tunet nyttast som eit tilbod i arbeid med ungdom?....	s. 13
4.1 Kvalitetar ved eit Inn på tunet tilbod.....	s. 13
4.2 Ungdomen sitt behov.....	s. 15
4.3 Tilbydar si rolle og kvalitetar i tilboden.....	s. 17
4.4 Kva mogelegheiter og avgrensingar finst ved eit Inn på tunet tilbod?.	s. 19
5.0 Avslutning.....	s.20
Litteraturliste.....	s. 22

1.0 Innleiing

Eg vil i denne oppgåva ta føre meg tema Inn på tunet. Inn på tunet kan rettast mot enkeltbrukarar, innan til dømes psykiatri, barnevern, rus eller skule, men også mot heile grupper som til dømes gardsbarnehagar eller skuleklassar. Eg har valt å fokusere på Inn på tunet i forhold til arbeid med ungdom innan skule og barnevern. Dette er ungdom som treng eit alternativ til vanleg undervisning, og der problematikken viser seg i form av skulking og psykiske problem. Ut frå dette tema har eg formulert følgjande problemstilling:

Korleis kan Inn på tunet nyttast som eit tilbod i arbeid med ungdom i ein vanskeleg livsfase?

For å belyse problemstillingen min har eg formulert tre underspørsmål: "*Kva kvalitetar må eit Inn på tunet tilbod innehalde for at det skal vere hensiktsmessig i arbeid med ungdom?*", "*Kva behov får ungdom dekka ved eit Inn på tunet tilbod?*", og "*Korleis er tilbydaren si rolle og kvalitetar som leiar og tilretteleggjar av tilbodet?*"

Aktivitetane ved eit Inn på tunet tilbod er lagt til garden og bonden sine arbeidsoppgåver. I arbeidet med å tilrettelegga eit tilbod for ungdom, er det viktig å fokusere på meistringsopplevingar, kommunikasjon, livskvalitet, læring og korleis ein som tilbydar kan kople skulefaglege oppgåver til praktiske gjeremål i forhold til dyr, gardsarbeid og friluftsliv. Dette er alle element som eg vektlegg i oppgåva mi. Eg har valt å skrive om dette tema fordi Inn på tunet er eit nasjonalt satsingsområde dei neste tre åra, i form av "*Inn på tunet-løftet*".

På Landbruks- og matdepartementet si heimeside står det at: "*Den nasjonale satsingen "Inn på tunet-løftet i kommunene 2010 – 2013" skal styrke tjenesteutviklingen, i kommunene, gjennom tverrsektoriel samarbeid og forankring i kommunale planer og strategier*" (Landbruks- og matdepartementet 2010).

På denne måten får ein styrka dei allereie eksisterande Inn på tunet tilboda, samtidig som fleire bønder får kunnskap om Inn på tunet som næring. Brukarar av ulike tenester skal også få eit mangfoldig og kvalitetssikra tilbod tilpassa den enkeltes behov. Inn på tunet vert nytta for brukarar i ulike aldrar, men eg vil på bakgrunn av to kvalitative intervju eg har gjennomført, ta utgangspunkt i ungdom i alderen 13 til 16 år.

Vidare i oppgåva følgjer ein metodedel der eg gjer greie for kva metode er og kva metode eg har nytta meg av. Deretter vil eg presentere nokre av kjeldene eg har nytta meg av i oppgåva. Eg har gjennomført to kvalitative intervju som oppgåva mi byggjer på, og desse vil eg presentere i siste del av metodekapitlet. I kapittel 3.1 til 3.7 viser eg kva teori eg byggjer intervjuaterialet mitt på, og eg vil trekke fram meistring, praktiske friluftsaktivitetar og tilbydaren si rolle som viktige element. I kapittel 4.1 til 4.4, vil eg diskutere underspørsmåla mine ved hjelp av det teoretiske grunnlaget, og sjå på kva mogelegheiter og avgrensingar som finst ved eit Inn på tunet tilbod. Til slutt vil eg oppsummere oppgåva med å trekke fram dei viktigaste funna mine.

2.0 Metode

For å finne ein definisjon på kva metode er har eg nytta meg av boka til Dalland (2007), der definerer Tranøy (1986) metode som "*en fremgangsmåte for å frembringe kunnskap eller etterprøve påstander som fremsettes med krav om å være sanne, gyldige eller holdbare*" (Tranøy 1986 sitert i Dalland 2007, s 83). I følgje Halvorsen (2009) er metode læra om verktøy ein kan bruke for innhente informasjon, samtidig som det er ein måte å systematisk undersøke verkelegheita på (Halvorsen 2009, s. 13). Halvorsen skriv også at forsking vert rekna som den sentrale vitskaplege aktiviteten. Vitskap kan forklaraast som ei verksemd som gjev oss ny kunnskap og systematiserer denne, slik at me kan trenge under verkelegheita si overflate (Halvorsen 2009, s. 14).

I arbeidet med å finne litteratur om Inn på tunet, fant eg ut at det ville bli ei metodisk utfordring for meg. Det er skreve lite bøker om dette tema, og det er heller ikkje gjort nokon norske studiar når det gjeld Inn på tunet i forhold til barnevern (Berge & Braastad 2008). Det ville derfor vere hensiktsmessig for meg, å gjere ein studie basert på kvalitative intervju med tilbydarar som gjev ungdom eit aktivitetstilbod på gard, i tillegg til å nytte litteratur. Deretter vil eg ved hjelp av litteraturen diskutere innhaldet i intervjuia. På denne måten vil eg kunne belyse korleis eit Inn på tunet tilbod kan vere hensiktsmessig i arbeid med ungdom i ein vanskeleg livsfase. Eg skal no presentere kjeldene eg har nytta i min studie, og deretter avklare kva empiri er og ta føre meg intervju som metode.

2.1 Anvendt litteratur og dokumentanalyse

Eg vil først presentere bøkene eg har nytta som hovudkjelder i min studie. Deretter vil eg gjere greie for ulik forsking og publikasjonar henta frå Internett. Eg har anvendt både primær-

og sekundærkjelder for å få belyst problemstillingen min. I følgje Dalland (2007) er primærkjelder bøker eller artiklar der forfattaren presenterer sitt eige forskingsarbeid. Sekundærkjelder er når forfattaren tolkar eller referer til andre forfattarar (Dalland 2007).

Den første boka eg vil trekke fram er Jorun Buli-Homberg og Torill Rønse Ekeberg si bok *"Likeverdig og tilpasset opplæring i en skole for alle"* (2009). Denne boka er ei sekundærkjelde og gjev ei innføring i dei ulike sidene ved likeverdig og tilpassa opplæring, slik den vert beskrive i stortingsmeldingar og læreplanar. Boka har eg nytta til å sjå samanhengar mellom Inn på tunet som ei form for tilpassa opplæring, og korleis tilpassa opplæring kan fungere for ungdom som treng eit alternativ til vanleg undervisning. Sjølv om boka er retta mot lærarar og lærarstudentar, meiner eg at den er relevant i forhold til min studie av Inn på tunet. Ekeberg er utdanna lærar og Buli-Homeberg er 1 amanuensis ved Institutt for spesialpedagogikk ved UiO.

I tillegg har eg lagt vekt på aktivitetane ved eit Inn på tunet tilbod og især bruken av hest. Lena Sørensen si bok *"Hesten som pædagogisk redskab"* (1999) belyser korleis barn og ungdom gjennom riding og samvær med hestar oppnår personleg utvikling i form av sjølvtillit og meistring. Eg forstår denne boka som ei primærkjelde fordi den bygger på eit forskingsprosjekt gjennomført av forfattaren sjølv ilag med to andre. Forfattaren er utdanna pedagog.

Ei anna bok eg har nytta meg av er Greta Marie Skau si bok *"Gode fagfolk vokser – Personlig kompetanse i arbeid med mennesker"* (2008). Boka har vore nyttig for meg for å belyse korleis den personlege kompetansen er viktig i forhold til tilbydarar av Inn på tunet. Boka tek også føre seg kommunikasjon og møte med andre menneske som ein del av yrkessutøvinga. Det er ikkje heilt opplagt om denne boka er ei primær- eller sekundærkjelde. Fordi forfattaren viser til eigen praksis og vinklar sin eigen teori mot dette, er det rett å seie at dette er primærlitteratur. Forfattaren er utdanna sosiolog og har i fleire år jobba som forskar og lærar veg høgskular og universitet.

Eg har i tillegg til bøker nytta meg av Internett for å finne fram til ulik forsking og rapportar. Heimesida til Inn på tunet, www.innpaatunet.no, er ein nettbasert nasjonal kompetanse- og nettverksteneste for Inn på tunet aktørar. Denne Internettsida har eg nytta meg av for å få ein oversikt over kva Inn på tunet er, og få tilgang til diverse publikasjonar om Inn på tunet og

forsking gjort innan feltet. Tenesta er utvikla og vert drive av Det Kgl. Selskap for Noregs Vel, Landbruksdepartementet og Innovasjon Noreg.

På Landbruks- og matdepartementet si heimeside har eg funne informasjon om ”*Inn på tunet-løftet*”, og det var Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk og Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete, som 9. februar lanserte ”Inn på tunet-løftet”.

Informasjonen har eg henta frå Internettsida www.regjeringen.no, og formålet med sida er å vere den offentlege informasjonstenesta på Internett der det vert formidla informasjon, dialog og tenester frå regjeringa, departementa og Statsministeren sitt kontor til publikum.

Innan forsking vil eg trekke fram ein studie gjort angåande ”*Jenter og hest*” av Ella Koren og Bente Træen, henta frå www.ungdomsforskning.no. Artikkelen byggjer på dybdeintervju med jenter som driv med hest, og jentene framheva meistring som eit sentralt tema. I forhold til min studie er denne forskinga relevant fordi bruken av hest i arbeid med ungdom er ein viktig del av oppgåva mi. Dette er ei primærkjelde fordi forskarane sjølve har gjennomført studien og presentert funna sine. Tidsskrift for ungdomsforskning, www.ungdomsforskning.no, vert utgitt av forskingsinstituttet NOVA, og formålet er å publisere forsking om ungdom og ungdomsrelaterte spørsmål til eit breitt publikum.

2.2 Empiri og intervju som metode

I følgje Grønmo (2004) er empiri informasjon eller opplysningar om faktiske forhold i samfunnet (Grønmo 2004, s 33). Eg har valt å gjere to kvalitative intervju for å belyse problemstillingen min, og i følgje Kvale & Brinkmann (2009) søker det kvalitative forskingsintervjuet å forstå verden sett frå intervupersonen si side. Å avdekke folk si oppleving av verda, samt å få fram betydinga av deira erfaringar, er eitt av måla (Kvale & Brinkmann 2009, s. 21).

Eg har intervjuat to tilbydarar frå to ulike kommunar som er mine informantar i oppgåva. Eg vel å kalle dei for informant 1 og 2 for å skilje intervjuia frå kvarandre. Informant 1 er ei dame som er tilbydar av Inn på tunet, ho er ikkje fagutdanna men har fleire års arbeidserfaring innan pleie og omsorg, og ho har teke ulike kurs innan helse og hest. Ho har tilbod til forskjellige brukarar med ulik problematikk og diagnosar, og ho tek imot sju brukarar i løpet av ei veke, på ein gard som ho leiger. Den andre informanten min, som eg vel å kalle informant 2, er ein mann som driv pedagogisk drift på garden sin, altså skule på garden. Han er lærarutdanna og

har jobba som lærar i fleire år. I tillegg til at han driv skule heime på sin eigen gard knytt til garden, gardsdrifta og bygda, er han bonde på heiltid. Hans tilbod om tilpassa opplæring på gard er eit pedagogisk tilpassa opplæringstilbod for ungdom i 8. - 10. klasse som av ulike grunnar treng eit alternativ.

Dalland (2007) definerer ein god informant som *en person som kan informere om faktiske forhold og om inntrykk av andre menneskers synspunkter, og som har evne til å meddele seg* (Dalland 2007, s. 131). Før intervjuet med informant 1 utarbeide eg ein intervjuguide og laga eit informasjonsskriv, som også innehaldt informert samtykke, for å bevare det forskingsetiske ovanfor informanten. Intervjuet gjekk føre seg heime hos informanten og eg tok notat under intervjuet som eg reinskreiv etter intervjuet var avslutta. I følgje Kvale & Brinkmann (2009) er det viktig at ein i rolla som intervjuar skapar god kontakt med intervupersonen, dette ved at ein som intervjuar lyttar oppmerksamt og viser interesse, forståing og respekt for det intervupersonen seier (Kvale & Brinkmann 2009, s141). Eg som intervjuar observerer verkelegheita, og deretter produserer eg kunnskap som vert påverka av mi rolle som forskar. Dei første minutta av intervjuet er avgjerande og eg innleia intervјusituasjonen med informasjon om studien min, og mitt formål med ein studie av Inn på tunet i forhold til arbeid med ungdom. Eg stilte spørsmål om kva problematikk brukarane hadde og deira behov ved eit slikt tilbod, kva ho som tilbydar kunne tilby av aktivitetar og korleis ho la tilboden til rette for brukarane. Eg fekk blant anna informasjon om ein av brukarane som var ei tenåringsjente, og denne jenta hadde eit Inn på tunet tilbod på bakgrunn av skuleproblematikk som skulking, lite deltaking på skulen og psykiske problem. Jenta var også i kontakt med barnevernet og BUP – Barne- og ungdomspsykiatri. Eg stilte oppfølgingsspørsmål i forhold til korleis dette Inn på tunet tilboden fungerte i forhold til ho so tilbydar sin kontakt med barnevernet og samarbeid med kommunen, samt korleis ho konkret jobba i forhold til denne tenåringsjenta.

Den andre informanten min, informant 2, tok eg kontakt med via mail og deretter vart intervjuet gjennomført over telefon. I forhold til informant 2 var eg interessert i å finne ut av kva han tilbydde på garden sin, korleis han organiserte tilboden sitt og samarbeida ilag med kommune og skule. Det å gjennomføre eit intervju over telefon gjer at intervјusituasjonen får ei anna form. Det vert viktig å tenkje på korleis ein bruker stemma når ein spør og korleis ein gjev tilbakemeldingar under intervjuet. Det vert mindre rom for lengre pausar og ein får ikkje

moglegheita til å få eit synleg inntrykk av informanten og omvendt, men dette la ingen hindringar for gjennomføringa, og eg fekk eit fyldig og godt intervju med informant 2.

Etter at intervjeta var gjennomført tok eg føre meg vurderinga av reliabiliteten og validiteten av resultata. Reliabilitet vert i følgje Kvæle & Brinkmann (2009) vurdert ut i frå spørsmålet, om i kva grad eit resultat kan reproduceraast på andre tidspunkt av andre forskrarar. Reliabilitet har også med forskingsresultata sin truverdigskap og konsistens å gjere (Kvæle & Brinkmann 2009, s. 250). Grønmo (2004) skriv at validitet dreier seg om datamaterialets gyldigheit for dei problemstillingane som vert belyst (Grønmo 2004, s. 231).

Eg vurderer reliabiliteten og validiteten i forhold til mitt datamateriale som høg. Informant 1 fortalte om korleis ho jobba som tilbydar av Inn på tunet, og gav meg konkrete eksempel frå situasjonar som viste kva Inn på tunet tilbodet gjekk ut på i forhold til tenåringsjenta. Eg fekk truverdige og konsistente detaljar frå arbeidet ho gjer med jenta, som gjorde at eg fekk innsikt i dette fenomenet. På bakgrunn av informasjonen eg fekk om samarbeidet mellom skule og barnevern, belyste intervjet problemstillingen min på ein god måte. Min andre informant, informant 2, har mange års erfaring med arbeid innan skule og gardsdrift. I tillegg har han kunnskap om korleis eit tilbod best mogeleg kan fungere i forhold til samarbeid, driftsavtalar med kommune og tilrettelegging av eit pedagogisk opplæringstilbod på gard. Ved hjelp av informasjon innhenta frå informantane mine, har eg fått belyst korleis Inn på tunet kan nyttast som eit tilbod i arbeid med ungdom i ein vanskeleg livsfase.

3.0 Teoretisk grunnlag

Eg vil i denne delen av oppgåva presentere mitt teoretiske grunnlag. Eg vil først definere og avklare omgrepene Inn på tunet. Her vil eg trekke inn miljøarbeid og kva nytte naturen og utandørs-aktivitetar har for menneske, samt presentere kva aktivitetar som finst på garden. Eg vil ta føre meg samarbeidet mellom tilbydar og kommune, og gjere greie for meistringsopplevingar og livskvalitet hos ungdom. I den samanheng er omgrepet til Bandura (1977 i Koren & Træen 2003) "*self-efficacy*" relevant å trekke fram. I tillegg vil eg ta føre meg tilbydaren si rolle ved eit Inn på tunet tilbod.

3.1 Kva er Inn på tunet?

Fyrst vil eg få avklart kva Inn på tunet er og kva som er ideen bak Inn på tunet. Følgjande definisjon har eg henta frå heimesida til Inn på tunet:

"Inn på tunet tilbud defineres som tilbud på gårdsbruk og hvor gårdbruksdirekte involvert i tilbaketaket enten som leder eller i en assisterende rolle. Tilbaketakten bygger på samarbeid med oppvekst-, utdannings- og helse- og sosialsektor, og tilbaketaket har aktiviteter knyttet til gården og landbruket"(www.innptaunet.no)

I 2001 vart Inn på tunet innført som omgrep og logo, og det var det Nasjonale prosjektet for Inn på tunet som utvikla og tok det i bruk. På bakgrunn av dei mange ulike brukargruppene, var ein av målsettingane at omgrepet skulle passe dei som nytter seg av tilrettelagte tilbod på gard. For å skape interesse og nysgjerrigkeit om mogelegheitene som finst på gard, vart logoen Inn på tunet skapt. Samtidig var det ein invitasjon til å ta i bruk garden som ein ressurs. "Tunet" er ein arena for ulike aktivitetar, og for mange er "Tunet" eit positivt symbol.

Omsorgsomgrepet som gjekk under det mest brukte omgrepet; "*Grøn omsorg*", var ikkje like eigna for alle, som til dømes for tilbod for enkeltelevar, grupper eller klassar i skulesamanheng. Ideen om Inn på tunet handlar om eit tilbod på gårdsbruk for enkeltmenneske eller grupper, der dei ulike aktivitetane byggjer på garden og bondens ressursar, og døme på dette kan vere eit utdanningstilbod knytt til skulen eller eit aktivitets- og arbeidstreningstilbod gjennom helse og omsorgstenesta. Tilboden er tilrettelagt målgruppa/brukaren, og gardsmiljøet har mange mogelegheiter ved utforming og tilrettelegging av det enkelte tilbod. Både stell av dyr og planter, drift av skog og pleie av kulturlandskapet og vedlikehald av maskiner og bygningsmasse utgjer aktivitetsgrunnlaget. Inn på tunet er ein samlebetegnelse, der også gardsturisme er inkludert. Dei forskjellige tilboda kan vere enkeltståande besøk, men det førekjem oftast timebaserte dagtilbod som går gjennom heile året. Det vert lagt opp til overnatting på garden ved avlastings-, helge- og ferietilbod. I dag er det om lag 600 gardar i landet som tilbyr denne tenesta (www.innptaunet.no).

Inn på tunet er eit aktiviserande tilbod der blant anna friluftsliv og fysisk aktivitet er viktige element. Halvorsen (2006) skriv i boka "*Miljøarbeid*" at romantiske og antimodernistiske oppfatningar om bylivet som skadeleg og naturlivet som oppbyggeleg, er utbreidd og kan sporast langt tilbake i tid. I følgje pedagogen og sosialfilosofen Jean-Jacques Rousseau (1917) er mennesket skapt for det frie liv i naturen – bylivet er noko som er påtvinga mennesket. Forfattarar som Fridtjof Nansen (1942), Knut Hamsun (1921) og Helge Ingstad (1957) har bidrige til ei tru på at det å ferdast i skog og fjell gjev sjellebot, gjennom sine romantiske

beskrivingar av naturlivet. Slike oppfatningar om naturens psykologiske verknad på menneska inneheld ei viss grad av sanning, fordi dei fleste opplever psykisk velvære og glede ved å ferdast i naturen (Halvorsen 2006, s. 75).

3.2 Samarbeid mellom tilbydar og det offentlege som kjøpar

Før eg går nærmare inn på aktivitetane på garden, vil eg introdusere dei to informantane mine i forhold til deira brukarar, samarbeid og organisering av tilbod.

Dei to informantane mine arbeider i to forskjellige kommunar. Men felles for dei begge er at det offentlege, det vil sei kommunen, er kjøpar av tilboda dei gjev. Informant 1 gjev tilbod til ei tenåringsjente på bakgrunn av eit samarbeid mellom skule og barnevern. Ho fortalte meg at ein gong i halvåret har ho møte med barnevernet for evaluering, noko ho tykkjer er greitt og ofte nok. I samarbeid med skulen og barnevernet har dei sett opp klare målsettingar for tilboden tenåringsjenta har ved Inn på tunet, slik at det vert gjennomført med mål og meiningsfor jenta. Noko av utfordringa, og eit av måla for tilbydaren i forhold til tenåringsjenta er oppmøte. Men dette har vist seg å få eit positivt utfall der jenta møter opp kvar gong ho har Inn på tunet tilbod. Kva som ligg til grunn for dette vil eg drøfte i kapittel 4.1 om kvalitetar ved eit Inn på tunet tilbod.

Informant 2 fortalte meg om korleis hans samarbeid med kommunen fungerte i forhold til utvikling av eit pedagogisk tilbod på garden, driftsavtale og løn. Han la også vekt på kor viktig det er å gå i lag med kommunen for å utvikle eit tilbod slik at det vert forankra i kommunen, til dømes å få utarbeidd eit kommunestyrevedtak for tilboden. Informant 2 har lærarutdanning, er tilsett i kommunen og får lærarløn. Tidlegare har han jobba som lærar i skulen, men no driv han skule på sin eigen gard i tillegg til at han er bonde på heiltid. I forhold til at han i lag med kommunen har utarbeidd ein driftsavtale, får han betalt av kommunen for kvar elev som har eit pedagogisk tilbod på garden per år. Dette pedagogiske tilboden som vert kalla tilpassa opplæring på gard - skule på garden, er ein del av skulen sitt tilbod til ungdom i 8. – 10. klasse, som av ulike grunnar treng eit alternativ. I neste kapittel vil eg sjå nærmare på kva aktivitetar som vert tilbydd på garden.

3.3 Aktivitetar

Inn på tunet er eit aktiviserande tilbod, og er ikkje meint å vere behandlande. På ein gard finst det mange forskjellige aktivitetar å tilby brukarar av Inn på tunet, og på bakgrunn av intervjuet eg har gjort, vil eg her presentere nokre av dei ulike aktivitetar som vert tilbydd ungdom i ein

vanskeleg livsfase. I følgje Halvorsen (2006) gjev aktivitetar i friluft mange barn og unge verdifulle meistringsopplevelingar. For den som arbeider med barn og unge, som til dømes miljøarbeidaren, er det viktig å velje aktivitetar som er passe utfordrande, fordi for store utfordingar kan gje nye tapsopplevelingar, mens for små utfordingar kan gjere oppleget kjedeleg (Halvorsen 2006, s. 76). Derfor er det viktig å tilpasse oppleget til kvar enkelt brukar, og eventuelt vere forsiktig med å gje same tilbod til to ulike brukarar samtidig, som har forskjellige behov.

På bakgrunn av informasjon frå informant 1, er det relevant å kople inn kva aktivitetar som vert gjennomført i løpet av ein dag på Inn på tunet. Fordi tenåringsjenta har eit tilbod på bakgrunn av samarbeid mellom skule og barnevern, legg informanten min vekt på å knytte aktivitetane opp til noko fagleg. Her vil eg trekke fram oppmåling og utrekning av førmengde til dyra på garden for å supplere matematikk, og loggføringar etter endt dag knytt opp til norskfaget. Informant 2 som driv pedagogisk drift på garden sin fortalte at loggskrivinga vert skriven etter at dagens oppgåver er gjennomført. I tillegg tek han mykje bilet som ungdomane kan bruke i loggen sin. Biletbruk er viktig fordi det gjer det enklare å hugse tilbake på det ein har gjort, i tillegg til at det skapar minner som ungdomen kan ta med seg. I neste kapittel vil eg gjere greie for aktivitetar ilag med dyr, og især hesten.

3.4 Dyr

Arbeid og aktivitetar med dyr og det å omgås dyr er eit viktig element for brukarar som nyttar seg av eit Inn på tunet tilbod. I følgje Halvorsen (2006) kan det å omgås dyr for unge bidra til at dei utviklar sensitivitet og empati (Halvorsen 2006, s. 84). I sær er bruk av hest populært, og kanskje mest blant unge jenter.

I følgje Falch (2008) er eit av dei karakteristiske trekka ved hesten, at den er vennleg og gjev tillit når den får tillit. Fordi hesten frå gang til gang vil kjenne igjen brukaren får den eit eige personleg forhold til han eller henne. Det er viktig at det oppstår tillit mellom hest og ryttar, fordi når tilliten er etablert, vil hesten også føle seg trygg og følgje ryttaren sine ønskje og kommandoar (Falck 2008, s. 34). Sørensen (1999) skriv at hesten kan fungere som ein læremeister på mange forskjellige måtar, som til dømes å la dei unge få ei forståing av eige og andre sitt kroppsspråk, utvikle respekt og ansvar, utprøving av eigne grenser og evner, samt som samtaleemne i forskjellige samanhengar (Sørensen 1999, s. 57). I tillegg kan det å sette seg opp på eit dyr som i byrjinga er uforutsigbart gje dei unge ei oppleveling av å overvinne

angsten og usikkerheita, som igjen kan føre til at dei overskridar nye grenser i andre situasjonar. Hesten forstår og gjenkjenner i stor grad kroppsspråket og signala som me gjev som igjen avspeglar hesten sine reaksjonar (Sørensen 1999, s. 20).

Informant 1, som eig både hest og sau, fortalte at tenåringsjenta i samhandling med hesten må fokusere på det ho gjer ”her og no”, og i tillegg til kroppsspråk er stemmebruk viktig. Å få ansvar for føring, stell og riding av hest, kan bidra til at ungdomen får ein følelse av at nokon har trua på ein. Det føl også ein del rutinearbeid i samband med hesten sidan den, i tillegg til dei andre dyra, skal ha mat til faste tider, samt stell og reingjering av rideutstyr og stall.

Eg vil her trekke fram ein artikkel henta frå ”*Tidsskrift for ungdomsforskning*”, som er gjort angåande jenter og hest, av Ella Koren og Bente Træen. Undersøkinga vart gjort ved Tromsø Rideskule der dei analyserte innhenta data frå dybdeintervjuer med 7 jenter mellom 13 og 30 år. Eg ynskjer å supplere Sørensen (1999) med Koren & Træen (2003), som skriv at ein kan hauste erfaringar med evna til å ta kontroll i kritiske og potensielt farlege situasjonar, når ein rir. Å ”halda hovudet kaldt”, handla rasjonelt og oppleve kontroll over eit dyr som i utgangspunktet framstår med stor muskelkraft og makt, gjev meistringserfaring (Koren & Træen 2003, s. 7). Falch (2008) skriv også at det å styre ein hest forutset eit samspel mellom ryttar og hest (Falch 2008, s. 117).

I forhold til omgrepene ”*meistring*”, trekk Koren & Træen (2003) her fram Bandura (1977) og omgrepene ”*self-efficacy*”. Meistringsopplevelingar kan utløyse positive sinnstilstandar, som igjen vil støtte opp under motivasjon og engasjement til å utforske ein aktivitet vidare. Slik vil også individets tankar om å kunne trenere opp kontroll over hendingar som påverkar livet, styrkast (Bandura 1977 i Koren & Træen 2003, s. 7). I tillegg skriv Koren & Træen (2003) at jentene får erfare seg sjølv som betydningsfulle, fordi stallen er ein arena med verkelegheitsnære aktivitetar. Å få ansvaret for ein hest betyr også mykje for ansvars- og omsorgsfølelsen. Hesten gjev jentene meistringserfaringar knytt til å oppdra, sjå andre sitt behov, tolke nonverbale signal og sørge for andre sitt velbehag (Koren & Træen 2003). Eg vil komme nærmare inn på omgrepene ”*self-efficacy*” i neste kapittel om meistring.

3.5 Meistring

Meistringsomgrepet er sentralt i arbeidet med ungdom som blant anna slit med psykiske problem. Psykologen Seligman (1975) sitt omgrep ”*lært hjelpeøyse*”, handlar om at

depresjon som oftast skyldast erfaringar med at det ikkje nyttar. Uansett kva ein gjer, får ein ikkje grep om situasjonen (Seligman 1975 i Bjerke & Svebak 2005, s. 98-99). Eit omgrep av motsett betydning er Bandura (1977) sitt *"self-efficacy"*, som handlar om å ha trua på eiga evne til å ha innflytelse på og kontrollera hendingar og handlingar i livet (Bandura 1977 i Koren & Træen 2003, s. 6). Denne trua vert utvikla gjennom gjentekne erfaringar med at det er god grunn til å tru på eigne evner og ferdigheiter. Sjølvtillit er ein viktig komponent i omgrepet *"self-efficacy"*, som handlar om sjølvvurderinga av eiga evne til å meistre oppgåver og situasjonar (Bandura 1982, i Bjerke & Svebak 2005, s. 99). Omgrepa *"lært hjelpeøyse"* og *"self-efficacy"* vil eg drøfte i kapittel 4.2, om ungdomen sitt behov.

Meistringsopplevelingar kan også settast i samanheng med motivasjon og utvikling av sjølvforståing. I følgje Buli-Holmberg & Ekeberg (2009) er motivasjon sentralt i einkvar læringsprosess, muliges sjølve drivkrafta. Dersom eleven vert trygg på seg sjølv og situasjonen, får tillit, samtidig som han eller ho får trua på seg sjølv og vert motivert til å gjere ein innsats, då dannar eleven eit godt grunnlag for læring (Buli-Holmberg & Ekeberg 2009, s. 58). I neste kapittel vil eg gå komme inn på ungdomen sin livskvalitet, i forhold til skule og læring.

3.6 Livskvalitet

På bakgrunn av intervjeta eg gjorde vil eg her komme inn på omgrepet livskvalitet i samband med ungdomen som elev. Slik som eg gjorde greie for i avsnittet om aktivitetar på garden, vil eg komme nærare inn på korleis skulefaglege oppgåver kan løysast ved eit Inn på tunet tilbod, i kapittel 4.1 om kvalitetar ved Inn på tunet tilbod. I følgje Buli-Holmberg & Ekeberg (2009) vert omgrepet livskvalitet ofte sett i same betydning som inkludering, likeverd og normalisering. Det er vanskeleg å sei noko sikkert om den enkelte elev sin livskvalitet, fordi ein aldri kan vere heilt sikker på korleis elevar har det inni seg. Dei elevane som har god livskvalitet har dei beste mogelegheitene til å utnytte evnene sine evner og anlegg optimalt.

Den norske forskaren Siri Næss (1986) kom fram til i sin definisjon av livskvalitet, at *menneske har det godt og har høy grad av livskvalitet i den grad vedkommende er aktiv, har samhørighet, har selvfølelse og har en grunnstemning av glede* (Næss 1986 i Buli-Holmberg & Ekeberg 2009, s. 40-41). I følgje Reidun Tangen (1996) kan elevane sine livskvalitet settast i samanheng med deira *"elevkår"*. Her handlar det om dei vilkåra som utdanningssystemet og kvar enkelt skule tilbyr barn og ungdom, som ein går ut frå har stor betydning for den enkelte

sin skulelivskvalitet (Tangen 1996, i Buli-Holmberg & Ekeberg 2009, s. 41). Tilpassa opplæring er også eit viktig element å trekke fram, fordi Inn på tunet kan vere ei form for tilpassa opplæring. Tilpassa opplæring for elevar handlar om *differensiering* av opplæringa. ”*Å differensiere innebærer å gi undervisning som både innholdsmessig og metodisk er tilpasset ulikheter i elevenes evner og anlegg*” (Holmeberg & Lyster 1998 i Buli-Holmberg & Ekeberg 2009, s. 28). Dette vil eg diskutere ytlegare i kapittel 4.1 og 4.3. I neste kapittel vil eg gjere greie for teoretiske omgrep i forhold til tilbydaren si rolle som leiar og tilretteleggar av eit tilbod for ungdom på gard.

3.7 Tilbydar si rolle

Den viktigaste delen av eit Inn på tunet tilbod er tilbydaren si rolle, og i arbeidet med ungdom kjem tilbydaren sin personlege kompetanse tydeleg fram. Viktige kvalitetar i arbeidet med å legge til rette eit tilbod og korleis ein skal utføre det, kan trekke linjer til Aristoteles (384-322 f.kr.) sine omgrep om ulike kunnskapsformer; episteme, techne og fronesis. Eg vil anvende omgrepet *fronesis* i denne oppgåva fordi det er relevant for tilbydar si rolle og kvalitetar, i forhold til intervjuet eg har gjennomført. Fronesis kan definerast som ”*etikk og klokskap omsatt i praksis*” (Sollesnes 2009, s. 5). Det er ein kunnskap der me bruker verdiane våre og forståinga vår i praktiske samanhengar, og det er i møte med andre menneske at desse praktiske samanhengane trer fram. I forhold til pedagogikk innanfor skulen, har ein brukt fronesisomgrepet for å støtte opp om arbeid med elevar som har problem av sosial eller emosjonell karakter (Sollesnes 2009). Dette vil eg diskutere ytlegare i kapittel 4.3.

Kommunikasjon, tillit og tryggleik er også viktige faktorar i samspelet mellom tilbydar og ungdom. I følgje Skau (2008) er ein person som er seg sjølv i møte med andre, truverdig for andre (Skau 2008, s. 93). Eg vil her trekke fram eit omgrep som vert kalla *kongruens*. Skau skriv at god kommunikasjon er *kongruent*, som tyder ekte og eintydig. Kommunikasjonen vår er kongruent dersom følelsane, orda og handlingane våre står i samsvar med kvarandre. Ein kan ikkje stimulere ein følelse av tryggleik og tillit i andre, dersom ein står fram som vag og tvetydig (Skau 2008, s. 94).

Her vil eg trekke fram tilbydaren sin personlege kompetanse. Personleg kompetanse er ikkje noko som kjem til uttrykk på eksamensvitnemålet, men er avgjerande for kvaliteten på arbeidet me gjer. Her handlar det om vår personlege veremåte, og korleis me som arbeider med å leie, undervise, behandle og rettleie andre menneske, tener dei eller om me bruker dei, i

følgje Skau (2008, s. 50). Dei personlege eigenskapane og ferdigheitene våre er ein del av den personlege kompetansen slik eg forstår Skau (2008), og som kjem til uttrykk i arbeid med andre menneske.

4.0 Korleis kan Inn på tunet nyttast som eit tilbod i arbeid med ungdom?

Eg skal no diskutere dei tre underspørsmåla eg presenterte i innleiinga for å belyse min problemstilling. Eg vil ta føre meg kva kvalitetar eit Inn på tunet tilbod må innehalde for at det skal vere relevant i arbeid med ungdom, deretter kva behov ungdomen får dekka ved eit Inn på tunet tilbod og til slutt tilbydaren si rolle og kvalitetar som leiar og tilretteleggar av tilboden. Eg vil diskutere desse underspørsmåla ved hjelp av dei kvalitative intervjua eg har gjort, og teori eg har presentert i føreståande kapittel. Til slutt vil eg presentere kva mogelegheiter og avgrensingar som finst ved eit Inn på tunet tilbod.

4.1 Kvalitetar ved eit Inn på tunet tilbod

For at eit Inn på tunet tilbod skal kunne nyttast i arbeid med ungdom, må tilboden ha kvalitetar ved seg som dekkjer ungdomen sitt behov. På ein gard finst det derfor forskjellige aktivitetar å tilby ungdom, og meininga er at desse skal vere aktiviserande. Tilpassing av aktivitetane etter ungdommens interesser og behov er viktig for at ungdomen skal trivs gjennom dagen og få utbytte av tilboden. Å gjere arbeidsoppgåver ute i friluft, kontakt med dyr samt det å knyte faglege utfordringar opp til praktiske oppgåver, får ungdomen til sjå samanhengar, lære og prøve ut nye ting. Dersom eit Inn på tunet tilbod skal fungere er det viktig å sette opp målsettingar som både ungdom, tilbydar og det offentlege som kjøpar er einige om. For å få gjennomført dei daglege aktivitetane må ungdomen møte opp den avtalte dagen. Informant 1 fortalte meg at det var betre at dagens oppgåver vart tilpassa tenåringsjenta si dagsform og humør, enn at ho let vere å møtte opp. Dersom ein jobbar på denne måten vil både ungdom og tilbydar få positivt utbytte av dagen og dei arbeidsoppgåvene som vert gjort. Dette er fordi ungdomen spesielt, ikkje føler det same arbeids- og prestasjonspresset som ofte viser seg på skulen i ein stor klasse med mange elevar. Slik som eg gjorde greie for i kapittel 3.2 har tenåringsjenta på bakgrunn av denne måten å jobbe på, møtt opp dei dagane ho har Inn på tunet tilbod.

Tilpassa opplæring er eit omgrep frå boka til Buli-Holmberg & Ekeberg (2009) som er relevant å trekke inn her. Det handlar om kor viktig det er å *differensiere opplæringa* og undervisninga slik at den vert tilpassa ulikskapar ved eleven sine evner og anlegg (Holmeberg

& Lyster 1998 i Buli-Holmberg & Ekeberg 2009). Ei tilrettelegging som kjem ungdomen i møte, vil i nokre tilfelle bli møtt med ein påstand om at det er ”å sy puter under armane” på ungdomen, og ikkje ei førebuing til kva som ventar dei seinare i livet. Denne påstanden ser ikkje kvar enkelt elev som ulike individ, men fokuserer på at alle skal lære det same med like arbeids- og undervisningsmetodar, altså det motsette av differensiering. Å sjå elevane sine ulikskapar og dei ulike måtane dei lærer på, er noko av det viktigaste ein kan jobbe med i forhold til ungdom.

Halvorsen (2006) trekk også fram arbeidet med å tilpasse aktivitetane slik at dei vert passe utfordrande for ungdomen, fordi for store utfordringar kan gje nye tapsopplevelingar og for små utfordringar kan gjere aktivitetane kjedelege (Halvorsen 2006). Dei faglege oppgåvene som vert kopla saman med gardsarbeidet, set også skulearbeidet i eit nytt lys. Slik som eg presenterte dei faglege aktivitetane i kapittel 3.3, med oppmåling av før til dyra og loggføringar etter ein dag på garden, viser dette ungdomen at oppgåver og andre utfordringar kan løysast på forskjellige måtar. Informant 2 som driv pedagogisk drift på garden nemnte tre punkt som loggen skal innehalde. Det første ungdomane skal notere seg er kva dei har gjort den dagen, og deretter det dei har snakka om. Det dei har snakka om kan vere kva som helst av samfunnsspørsmål, interesser eller noko ungdomen har opplevd, og praten kan vare i fem minutt eller to timer, tida har ikkje noko å sei. Dette er ei læringsøkt og vert betegna som ”Det gylne augneblikk”. Det siste ungdomane skal skrive ned er vurderinga av seg sjølv den dagen, og her skal dei vere hundre prosent ærlege overfor seg sjølv og han som lærar. Informant 2 fortalte at han også gjer seg opp ei meining og vurdering av dagen.

Aktivitetar i samband med dyr er også vanleg ved Inn på tunet tilbod, der blant anna hesten som læremeister kan få ungdomen til å bli oppmerksam på sitt kroppsspråk og sin oppførsel i eit her og no perspektiv, noko informant 1 la særleg vekt på. På grunn av at hesten ikkje har fordommar mot menneske som omgår den, treng ikkje tenåringsjenta å anstreng seg for å late som om ho er nokon andre enn den ho verkeleg er. I arbeid og i aktivitetar med dyr må ungdomen bruke sin fysiske styrke for å til dømes styre hesten dit ein har bestemt at den skal gå, eller ved stell av både hest og sau.

I intervjuet med informant 1, fekk eg eit eksempel frå stellinga av hesten som tenåringsjenta har ansvar for den dagen ho er på Inn på tunet. Når hesten skal få høvene skrapa, må ho bruke både stemme og fysisk styrke for å få hesten til å samarbeide og å løfte føtene. Då hjelpt det

ikkje å komme inn i stallen til hesten å spørje med vag stemme om ho kan få lov å skrape høvene, men å gå bestemt inn og på førehand ha bestemt seg for at høvene skal skrapast uansett kva hesten meiner om det. Informant 1 fortalte meg at tenåringsjenta etter arbeid med dette har blitt tydlegare og klarare i stemmebruk og tale, noko som også resulterer i at hesten vert samarbeidsvillig og jenta opplever meistring. I tillegg er jenta flink til å rose hesten etter at ho har fått gjennomført arbeidet med høvene. På denne måten gjer arbeidet med hesten at tenåringsjenta får ansvar for ei arbeidsoppgåve som ho lærer og meistrar. Informant 1 fortalte også at ein får oppleve korleis livet er på både godt og vondt på Inn på tunet, men på ein måte som gjer det forståleg for ungdomen. Ho fortalte at når ein til dømes får oppleve sauens frålamming til slakt i praksis, får ungdomen ei breiare forståing for livets gang med både oppturar og nedturar.

Eg vil her trekke fram ein artikkel henta fra heimesida til *"Mental Helse Norge"*. I ei undersøking i samband med ein doktoravhandling som vart gjort av Bente Berget ved Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås ilag med Institutt for medisinsk atferdsfag ved UiO i 2006, fann dei ut at arbeid med husdyr hjelpt menneske med psykiske lidningar. Pasientane viste både mindre angst, mindre depresjon og betre sjølvfølelse. Mange fekk betre stressmeistring og humør, samt betre tru på eigne krefter og meistringsevne. Det er viktig å presisere her at arbeid og aktivitetar med husdyr *kombinert* med vanleg terapeutisk behandling viser positive resultat (Mental Helse Norge 2006).

Inn på tunet er også ein ”friplass” der ungdomen kan få problema på avstand og la tankane bli brukt til andre oppgåver. Men samtidig er det ein plass der læring, relasjonar til både menneske og dyr, utfordringar, meistringsopplevelingar oppstår. Gjennom å nytte garden som læringsarena er det lite som minner om eit ”klasserom”, fordi læringa, relasjonane og meistringsopplevelingane oppstår utanfor skulen sine fire veggjar, som til dømes i stallen, skogen eller i fjøset, og dette gjev ungdomen fritidsassosiasjonar. Ved å følgje bonden sine arbeidsoppgåver gjennom året og følgje årstidene samtidig som ein kan delta med heile seg sjølv, vil føre til ei positiv meistringsoppleveling for ungdomen. Eg vil diskutere ungdom i forhold til meistringsopplevelingar og livskvalitet i neste kapittel.

4.2 Ungdomen sitt behov

Inn på tunet er ein arena for den enkelte brukar og i forhold til min problemstilling gjeld dette ungdom. Eitt av måla med Inn på tunet tilbod er å gje ungdom mogelegheita til å oppleve

meistring, og auke livskvaliteten i kvardagen. Slik som eg gjorde greie for i teorikapitlet er ein måte å måle livskvalitet på kor god samhøyrsla og sjølvfølelse ein opplever, i følgje den norske forskaren Siri Næss (Næss 1986 i Buli-Holmberg & Ekeberg 2009, s. 41-41). Når det gjeld elevane sine ”elevkår” handlar det om vilkåra utdanningssystemet og kvar enkelt skule kan tilby ungdomane, og som har mykje å sei for elevane sin skulelivskvalitet (Tangen 1996, i Buli-Holmberg & Ekeberg 2009, s. 41). For å forbetra ”elevkåra” er det viktig å vere fleksibel i forhold til læreplanar, undervising og sjå den enkelte elev som unik og individuell.

Opplevinga av å meistre og erfaringa med å få ta ansvar for eigne arbeidsoppgåver står nært saman. Ved eit Inn på tunet tilbod der arbeidsoppgåvene vert tilrettelagt ungdomen sine behov og interesser, samt at ein opplever meistring, oppstår det gode erfaringar som ungdomen kan ta med seg vidare i livet. På denne måten klarar ungdomen betre å meistre utfordringar og problem som ventar i seinare situasjonar. På bakgrunn av intervjuet med informant 1, får tenåringsjenta oppleve at ho får tildelt ansvaret for ein hest den dagen ho er på Inn på tunet. Dette gjev signal om at tilbydar gjev ho tillit. Når tenåringsjenta vert trygg og får tillit, samt får trua på seg sjølv, blir ho motivert til å gjere ein innsats. Her vil eg vise til Sørensen (1999) som brukar hesten som læremeister. I byrjinga kan hesten verke som eit stort og uforutsigbart dyr, men etter kvart som ungdomen klarar å kontrollere hesten og overvinn angsten og usikkerheita, vil det føre til at ho seinare overskridar nye grenser i positiv forstand (Sørensen 1999). I følgje Buli-Holmberg & Ekeberg (2009) fører dette igjen til eit godt grunnlag for laring (Buli-Holmberg & Ekeberg 2009). Samtidig som tenåringsjenta får arbeidsoppgåver knytt til hesten, gjev det også ein forutsigbarheit i forhold til kva ho skal gjere den dagen ho kjem på Inn på tunet.

I forhold til at tenåringsjenta også slit med psykiske problem, har eg valt å trekke fram psykologen Seligman (1975) sitt omgrep ”*lært hjelpeøyse*”, som handlar om at depresjon oftast skyldast erfaringar med at det ikkje nyttar. Altså at uansett kva ein gjer så får ein ikkje tak om situasjonen (Bjerke & Svebak 2005, s 98-99). Ungdom som har därlege erfaringar frå situasjonar der dei ikkje har hatt kontroll, kan oppleve ”*lært hjelpeøyse*”. Det kan vere situasjonar der ungdomen føler at ein ikkje har strekt til, i situasjonar ein ikkje har klart å prestere på same nivå som til dømes klassekameratar, og at ein har fått negativ respons eller ingen respons på noko ein har gjort. Slike opplevingar gjer noko med måten ungdomen tenker om seg sjølv på, og sjølvvurderinga av eiga evne til å meistre oppgåver og situasjonar vert svekka (Bandura 1982 i Bjerke & Svebak 2005). Ein anna måte å forklare dette på er at

sjølvtilletten vert svakare, og sjølvtillet er ein viktig komponent i omgrepet ”*self-efficacy*”. Dette omgrepet til Bandura (1977), handlar om å ha trua på eiga evne til å ha innflytelse på, og kontrollera hendingar og handlingar i livet (Bandura 1977 i Koren & Træen 2003, s. 6). For tenåringsjenta som slit med psykiske problem, deltek lite i skuletimane og skulkar skulen, treng ho arbeidsoppgåver som kan bidra til å forsterke hennar ”*self-efficacy*”, og bygge opp sjølvtilletten hennar. Å styrke sjølvtilletten hennar er eit av måla med Inn på tunet tilbodet ho får. Eg vil i neste kapittel gå nærmere inn på tilbydar si rolle, og forklare korleis informant 1 som tilbydar, arbeider i forhold til tenåringsjenta og målsettingane hennar ved Inn på tunet tilbodet.

4.3 Tilbydar si rolle og kvalitetar i tilbodet

Inn på tunet er eit tilbod på gardsbruk der gardbrukaren er direkte involvert i tilbodet enten som leiar eller i ei assisterande rolle (www.innpaatunet.no). Inn på tunet er, som eg gjorde greie for i kapittel 3.3 om aktivitetane på garden, eit aktiviserande tilbod og ofte eit supplement til ei eventuell behandling. Informant 1 fortalte at tenåringsjenta også hadde eit tilbod gjennom BUP (Barne og ungdomspsykiatri). Derfor kan ein rekne Inn på tunet som eit supplement til dette tiltaket. Informant 2 som driv pedagogisk drift på garden sin, fortalte at Inn på tunet også kan reknast som ”eit ekstra bein og stå på”.

Informant 1 som eg intervjuer ikkje fagutdanna, og i boka til Skau (2008) skriv Frønes & Brusdal (2000) at utdanning ofte er nødvendig, men ikkje alltid ein tilstrekkeleg føresetnad for arbeid (Frønes & Brusdal 2000, s. 57 i Skau 2008, s. 51). Tilbydaren sin personlege kompetanse er viktig for korleis ungdomen opplever tilbydaren som person, og kva relasjon ungdomen får til tilbydaren. Å kunne kommunisere og samarbeide med ungdom, tåle frustrasjon frå ungdomen si side dersom han eller ho ikkje får det til, eller noko ikkje fungerer, og å ta del i- og leie endringsprosessar hos ungdom, er noko tilbydaren må arbeide med ved eit Inn på tunet tilbod. Desse punkta byggjer på Skau (2008) si oppfatning av kva som skal til for å vere attraktiv på dagens og morgondagens arbeidsmarknad, i forhold til personlege eigenskapar og ferdigheiter (Skau 2008). Personleg kompetanse handlar om vår personlege veremåte, og korleis me som arbeider med å leie, undervise, behandle og rettleie andre menneske, tener dei eller om me bruker dei (Skau 2008, s. 50)

Tilbydaren av Inn på tunet har ei rolle som leiar, og i nokre tilfelle undervisar og rettleiar ved eit tilbod. Tilbydaren arbeider tett opptil ungdomen og dannar nære relasjonar til han eller

henne. Slik som eg har gjort greie for tidlegare, kjem den personlege kompetansen tydeleg fram i form av personlege eigenskapar hos tilbydaren. I intervjuet med informant 1, fortalte ho kva ho beteikna som viktig i forhold til personlege eigenskapar og ferdigheiter hos tilbydaren; "*Å kunne lytte til ungdomen, samtidig sjå deira ynske og behov, er noko av det som ein må legge vekt på som tilbydar*".

Som eg gjorde greie for i kapittel 3.7, kan ein trekke linjer til Aristoteles sine omgrep om ulike kunnskapsformer; episteme, techne og fronesis. Fronesis-omgrepet er relevant i mi oppgåve i forhold til tilbydaren si rolle, kvalitetar og korleis tilbydaren omset sin etikk og klokskap i praksis. Fronesis sett i samanheng med Inn på tunet, viser korleis tilbydaren anvend sine verdiar og forståinga si i arbeidet med ungdom. I møtet med andre menneske trer dei praktiske samanhengane fram, der verdiane og forståinga vår vert nytta. Dette møtet med andre menneske vil i forhold til min problemstilling, vere tilbydaren sitt møte med ungdomen og korleis samhandlinga mellom dei utviklar seg. I forhold til pedagogikk innanfor skulen har ein brukt fronesisomgrepet for å finne støtte i arbeid med elevar som har problem av sosial eller emosjonell karakter (Sollesnes 2009). Informant 1 bruker sin fronesis når ho arbeider med tenåringsjenta. Sjølv om ho ikkje er fagutdanna anvend ho fronesis ved å skape læringsituasjonar der tenåringsjenta opplever meistring i forhold til arbeid med hesten, ho som tilbydar lagar dagsopplegg som passar tenåringsjenta sine behov og interesser, også kalla *differinsiering* av undervisinga, og ho koplar skulefaglege oppgåver til praktisk arbeid som tenåringsjenta forstår og lærer av.

Informant 1 fortalte også at det er mykje fokus på at tenåringsjenta skal gjere sjølvstendig arbeid, men ho som tilbydar la også vekt på at det å arbeide side om side ofte er like effektivt, og gjev like mykje utbytte for tenåringsjenta. Ho la også vekt på viktigheita av å gje ros og skryt til tenåringsjenta. Her vil eg trekke inn tre andre viktige faktorar i arbeidet med ungdom: *kommunikasjon, tillit og tryggleik*. Desse tre er viktige i forhold til samspelet og den mellommenneskelege relasjonen som oppstår mellom tilbydar og ungdom. I følgje Skau (2008) er ein person som er seg sjølv i møte med andre, truverdig for andre. Skau skriv også at god kommunikasjon er *kongruent*, som tyder ekte og eintydig. Kommunikasjonen vår er kongruent dersom førelsane, orda og handlingane våre står i samsvar med kvarandre. Ein kan ikkje stimulere ein følelse av tryggleik og tillit i andre, dersom ein står fram som vag og tvitydig (Skau 2008, s. 93-94). Dersom tilbydaren av Inn på tunet står fram som nokon andre enn seg sjølv og ikkje kommuniserer på ein kongruent måte, kan dette føre til at ungdomen

vert forvirra og tilbydaren framstår ikkje som nokon positiv rollemodell. Å skape tillit til ein ungdom tek tid, og krev at tilbydaren står fram som ærleg, ekte, oppriktig og sannferdig (Skau 2008, s. 93). Etter kvart som ungdomen får tillit til tilbydaren vil ungdomen også føle seg trygg i andre situasjoner som oppstår og i samhandling med andre menneske. Slik som i eksempelet til informant 1 der tenåringsjenta gav hesten ros når ho hadde oppnådd ønskeleg åferd. Fordi informant 1 som tilbydar, gav tenåringsjenta ros når ho gjorde noko riktig, førte det til at jenta gjorde det same mot hesten i ein seinare situasjon. På denne måten framstår tilbydaren som ein rettleiar og samtidig ein rollemodell for korleis arbeidet skal gjerast.

4.4 Kva mogelegheiter og avgrensingar finst ved eit Inn på tunet tilbod?

Ut frå dei spørsmåla eg har diskutert i forhold til problemstillingen min i kapittel 4.1, 4.2 og 4.3, vil eg no sjå på kva mogelegheiter og avgrensingar som finst ved eit Inn på tunet tilbod tilrettelagt for ungdom i ein vanskeleg livsfase.

Eg vil trekke fram ein ekstern evaluatingsrapport av "Tilbud på gårdsbruk for skoleelever – Inn på tunet – Opplæring på gård" utført av Inga H. Andreassen og Gerd Grimsæth ved Høgskolen i Bergen i 2007. Der peiker bøndene på at "*på garden opplever elevane meistring*". I rapporten står det også at skulen, og spesielt ungdomsskulen slit med å gjere fagstoffet relevant for elevane. Naturen, dyr og årstidene sin syklus er eksempel på kva ein kan knytte lærestoffet til, i forhold til elevane sin erfarings- og interesseverden. Når elevane ikkje lærer på skulen, kan det også føre til uheldige samspelsvanskar og problematferd (Andreassen og Grimsæth 2007).

Ved å nytte garden som læringsarena meiner eg, at ein kan ha mogelegheit til å førebygge og unngå at ungdom til dømes droppar ut av skulen i seinare tilfelle. Men for at dette skal fungere må det vere fleksibilitet i læreplanar og i forhold til gjennomføring i samband med skulen. For barnevernet gjeld det også å vere fleksibel i arbeidsmetode, fordi Inn på tunet er ein ny måte å arbeide på i forhold til ungdom. Dersom til dømes sakshandsamaren ikkje er kjent med korleis eit slikt tilbod fungerer, kan det bli vanskeleg for tilbydaren å nå fram med bodskapen sin. Derfor er det viktig å presentere tilboden sitt, på ein måte som gjer at kjøparen forstår kva nytte eit slikt tilbod kan ha for ungdom.

Det er også viktig å tenke på at eit Inn på tunet tilbod ikkje passar for alle, og det må derfor vurderast grundig på førehand kven som kan få utbytte av tilboden. Dersom ein gjev

arbeidsoppgåver som ikkje passar ungdomen sine behov å interesser, kan tilbodet bli lite hensiktsmessig for ungdomen. Fysisk avstand til tilbodet kan også vere avgjerande for kven som får eit tilbod. For nokon kan det vere belastande å måtte reise lange avstandar for å ta del i tilbodet, i tillegg til at det er tidkrevjande.

I forhold til kva som skal til for å lykkast med eit Inn på tunet tilbod, skriv Hågvar (2009) at for tilbydar er det viktig å klargjere ut frå interesser, bakgrunn og kompetanse kva gruppe menneske ein kan tenke seg å jobbe med, samarbeide med og vere tilretteleggar for (Hågvar 2009). Informant 1 i min studie fortalte at det er viktig å ha interesse for gardsarbeid, fysisk aktivitet og arbeid med menneske, dersom ein vil starte med Inn på tunet. I forhold til ungdomen er dei personlege eigenskapane til tilbydaren noko av det viktigaste. Hågvar (2009) skriv også at ein annan del av arbeidet med å drive Inn på tunet omhandlar økonomi, samarbeid, marknadsføring og organisering av tilbod (Hågvar 2009). Derfor er det viktig, slik som informant 2 fortalte meg, at ein går ilag med kommunen når ein skal starte og bygge opp eit tilbod. På denne måten kan tilbodet bli teneleg for både tilbydar, kommune og brukarar.

5.0 Avslutning

Eg har i denne oppgåva sett på korleis ein kan nytte Inn på tunet som eit tilbod i arbeid med ungdom i vanskeleg livsfase.

Aktivitetane som vert tilbydd på garden gjer at ungdomen får mogelegheita til føle meistring, i samband med at arbeidsoppgåvene vert tilpassa ungdomen sine interesser og behov. På denne måten kan Inn på tunet kan vere ei form for tilpassa opplæring. Det er viktig at aktivitetane er passe utfordrande for ungdomen, fordi for store utfordringar kan gje nye tapsopplevelingar, mens for små utfordringar kan gjere opplegget kjedeleg, i følgje Halvorsen (2006). Å bruker hesten som lærermester kan hjelpe ungdomen til å overvinne angst og usikkerheita. Dette kan igjen føre til at ungdomen seinare overskrider nye grenser i positiv forstand.

Tilbydaren av Inn på tunet spelar ei viktig rolle. For ungdomen er tilbydaren den personen som han eller ho skal forholda seg til gjennom dagen, og samspelt mellom dei er teljande. Dei personlege eigenskapane og ferdighetene som tilbydaren viser, er avgjerande for ungdomen sin trivsel på garden, korleis ungdomen opplever seg sjølv i læringsituasjonar, og for at tilbodet skal bli tilrettelagt ungdomen sine ønskje og behov. Korleis tilbydaren kommuniserer

og arbeider med ungdomen, er viktige faktorar for å skape tillit. Tillitsforhold fører igjen til at ungdomen opplever ei tilhørsle og ei kjensle av at nokon har trua på, og bryr seg om han eller henne.

Eit sitat henta frå heimesida til ”*Hagastua fritidsgård*”, handlar om at brukaren kan sette seg ned å sei etter ein dag på garden;

”*I dag har noen brydd seg om meg*

I dag har jeg betydd noe for noen

I dag har jeg gjort noe nyttig

I dag har jeg følt meg verdifull

I dag har jeg, om enn bare i et lite øyeblikk, kjent at det er godt å være meg... ”

(www.hagastua.no).

Inn på tunet er eit tilbod som for mange vil opplevast som givande, nyttig og ei hjelp til betre livskvalitet. Å tilpasse tilboden etter ungdomen sine behov, er avgjerande for at eit Inn på tunet tilbod skal kunne nyttast i arbeid med ungdom i ein vanskeleg livsfase.

Litteraturliste

- Andreassen, I. & Grimsæth, G. (2007). [Elektronisk versjon] Evalueringssrapport for *Tilbud på gårdsbruk for skoleelever – Inn på tunet – Opplæring på gård*. Bergen: Høgskolen i Bergen.
- Berge, B. & Braastad, B. (2008). [Elektronisk versjon] *Kunnskapsstatus og forskningsbehov for Inn på tunet*. Henta 15. januar 2010 frå <http://www.innptaunet.no/Docs/000014F6/Kunnskapsstatus%20og%20forskningsbehov%20for%20IPT%20-%20offentlig.pdf>.
- Bjerke, T. & Svebak, S. (2005). *Psykologi for høgskolen*. (1 utg., 8 oppl.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Buli-Holmberg, J. & Ekeberg, T. (2009). *Likeverdig og tilpasset opplæring i en skole for alle*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. (4 utg., 3 oppl.). Oslo: Gyldendal Nors Forlag AS.
- Falch, S. (red.) et al. (2008). *Terapiridning. Hesten – den firbente fysioterapeut*. Oslo: Tun Forlag AS.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Halvorsen, K. (2009). *Forskningsmetode for helse- og sosialfag. En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. (2 utg., 5 oppl.). Oslo: Cappelens Forlag as.
- Halvorsen, T. (2006). *Miljøarbeid – teori og praksis*. (2 utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Hågvar, K.A. (2009). NB-informasjon. Til tillitsvalgte i Norges Bondelag. Nr. 2. [Elektronisk versjon] *Hvordan bli en Inn på tunet bonde?* Henta 5. mars 2010 frå

<http://www.bondelaget.no/getfile.php/Om%20Bondelaget/Informasjon%20til%20lokallag/NB-informasjon/NB-informasjon%201-2009%20Inn%20p%C3%A5%20tunet.pdf>.

Koren, E. & Træen, B. (2003). [Elektronisk versjon] *Jenter og hest*. Tidsskrift for ungdomsforskning. Henta 22. januar 2010 frå <http://www.ungdomsforskning.no/>.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. (2 utg., 1 oppl.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Landbruks- og matdepartementet (2010). "Inn på tunet løftet". Henta 26. februar 2010 frå http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/tema/landbruk_og_naringsutvikling/inn-pa-tunet-2/inn-pa-tunet---loftet.html?id=582687.

Mental Helse Norge. (2006). *Arbeid med husdyr hjelper*. Henta 11. januar 2010 frå <http://mentalhelse.no/?module=Articles;action=Article.publicShow;ID=7334>.

Skau, G.M. (2008). *Gode fagfolk vokser. Personlig kompetanse i arbeid med mennesker*. (3 utg., 4 oppl.). Oslo: Cappelen Damm AS.

Sollesnes, T. (2009). *Pedagogikk, sosialpedagogikk og miljøarbeid*. Sogndal: Høgskulen i Sogn og Fjordane

Sørensen, L. (1999). *Hesten som pædagogisk redskab*. (1 oppl.). Faaborg: Forlaget Zosma.

www.hagastua.no (2009). *Hagastua fritidsgård*. Henta 10. mars 2010 frå <http://www.hagastua.no/dagtilbud.htm>.

www.innpaatunet.no (2010). *Kva er Inn på tunet?*. Henta 13. januar 2010 frå <http://www.innpaatunet.no/default.asp?WCI=ViewNews&WCE=2420&DGI=231&Head=1>.